

Årsmelding 2023

SpareBank
STIFTINGA KVINNHERRAD





”Vi skal løfte frivillig
engasjement og innsats”

Innhold

Om stiftinga	4
Styret si årsmelding	8
Gåvetildeling	12
Årsrekneskap	33

14. driftsåret
SpareBank 1-stiftinga Kvinnherad



Styrande organ

Generalforsamling

Medlem, kundevald:

Yngvar Skarveland	Sandvoll	Leiar
Jannicke Næs Sundal	Mauranger	Nestleiar
Torgny Nundal	Husnes	
Ann Kathrin Røssland	Sunde	
Jørn Hjelmeland	Seimsfoss	
Klara Bakke	Uskedalen	
Kjell Yri	Uskedalen	
Inger Johanne Hauge	Rosendal	
Terje Eikemo	Holmedal	
Kristian Hus	Husnes	
Gunnhild Nilsen Hillestad	Herøysundet	
Lilli Britt Urheim	Ølve	
Bjørn Røssland	Husnes	
Oddmund Røssland	Husnes	
Arne Langeland	Husnes	

Varmedlem, kundevald (prioriterte):

Frank Søllesvik	Dimmelsvik
Egil Heimvik	Utåker
Steinar Haugland	Uskedalen
Lisbeth Andresen	Ølve
Marianne Helvik	Rosendal
Laila Merethe Haukenes	Varaldsøy
Anne Elisabeth Enes	Enes

Styret

Medlem:

Jan Magnus Aasen	Ølve	Leiar
Magnhild Haugland	Uskedalen	Nestleiar
Gunnar Våge	Løfallstrand	
Hildegunn E. Aarthun	Valen	

Fastmøtande vara:

Torill Lyngnes	Matre
----------------	-------

Vara:

Hilde Solli	Løfallstrand
Anne Kari Enes	Husnes

Valkomité

Medlem:

Arne Langeland	Husnes	Leiar
Lilli Breitt Urheim	Ølve	Nestleiar
Jørn Hjelmeland	Seimsfoss	
Terje Eikemo	Utåker	
Gunnhild Nilsen	Herøysundet	

Bakgrunn

Etter 80 års god og velrenommert drift, blei Kvinnherad Sparebank i 2010 kjøpt opp av SpareBank 1 SR-Bank. Avtalen innebar at Sparebank 1 SR-Bank overtok alle egedelar, tilsette og forpliktingar i «kvinnhersbanken», som på den tid hadde 50 tilsette og kontor i Rosendal, Odda, på Husnes og Stord.

Samtidig blei Kvinnherad Sparebank gjort om til Sparebank 1-stiftinga Kvinnherad. Her lever Kvinnherad Sparebank på mange måtar vidare, gjennom vår forvaltning av over 6,2 millionar aksjar i SpareBank 1 SR-Bank ASA. Aksjeposten gjer oss til ein av dei aller største eigarane i bankkonsernet.

Verdiane som stiftinga har hand om er bygde opp over lang tid – i eit nært samspel mellom lokalsamfunn og tidlegare Kvinnherad Sparebank.

Jobben vår er no å forvalta denne «samfunnskapitalen» til beste for små og store lokalsamfunn i Kvinnherad, Stord og Odda.




Føremål

Sparebank 1-stiftinga Kvinnherad skal først og fremst vera ein langsiktig og stabil eigar i Sparebank 1 SR-Bank, der «arva» etter Kvinnherad Sparebank blir ivareteken på best mogleg måte.

Samtidig skal stiftinga vera ein aktiv medspelar i vidareutviklinga av berekraftige, attraktive og omstillingsdyktige lokalsamfunn i Kvinnherad, Stord og Odda. Dette gjer vi ved å dela ut økonomiske bidrag til ålmennyttige føremål i by og bygd – med mål om å skapa positive ringverknader for både born, unge og vaksne.

Midlane vi deler ut er utbytte frå aksjane i Sparebank 1 SR-Bank, og over tid har gåvene summert seg til store summar:

kr 167 millionar har stiftinga så langt delt ut til lag, organisasjonar og prosjekt som jobbar med idrett, fysisk aktivitet, friluftsliv, kunst, kultur, humanitære tiltak, helseføremål, samfunnsutvikling, sosiale tiltak, kompetanseutvikling og forskning.




Kapital

Stiftinga blei etablert med ein samla kapital på kr 350 millionar, fordelt på eit kontantbeløp på kr 20 millionar og 6 069 934 aksjar à kr 25 i SpareBank 1 SR-Bank ASA.

Grunnkapitalen er på kr 151 748 350.

Aksjar og andre verdier som stiftinga måtte få utover oppstartskapitalen kan brukast av styret i tråd med dei rammene som er nedfelte i vedtektene eller sette av generalforsamlinga i stiftinga.





Styret si årsmelding

Aktivitetar i 2023

Viktige aktivitetar i året 2023 har mellom anna vore:

Handsaming av 338 (288) søknader og tildeling og reservasjon av 165 (177) gåver på til saman kr 18,88 (21,24) millionar.

Stiftinga arrangerte to gåvetildelingar i 2023, der det blei gjort stor stas på alle frivillige som mottok gåver.

Generalforsamlinga har hatt 3 (2) møte og styret 14 (16) møte i 2023.

Stiftinga endra rutinane ved søknadsprosessane. No kan søknader sendast inn kontinuerleg gjennom heile året. Alle søknader opptil kr 30 000 vil bli vurderte etter kvart som dei blir mottekne, og har ei behandlingstid på ca. seks veker.

Alle andre søknader blir vurderte ved dei ordinære søknadsrundane om våren og hausten.

I oktober kjøpte stiftinga på ny 300 000 aksjar i SpareBank 1 SR-Bank ASA ved emisjon.



(Tal i parentes er for året 2022)

Resultat- rekneskapet

Rekneskapet syner eit driftsresultat på kr -2 341 314. Resultatet i året vart kr 46 084 156.


Dei 6 069 934 eigenkapitalbevisa i SpareBank 1 SR-Bank som stiftinga tok i mot ved skipinga, hadde opphavleg ein samla verdi på kr 330 000 000.

SpareBank 1 SR-Bank vart 1. januar 2012 omdanna frå eigenkapitalbevisbank til allmennaksjeselskap - ASA. Stiftinga vart i samband med dette tildelt 1 aksje for kvart eigenkapitalbevis vi eigde.

Stiftinga fekk i 2023 utbetalt kr 43 586 081 i utbyte frå SpareBank 1 SR-Bank ASA.

Stiftinga hadde i tillegg renteinntekter på kr 4 497 189.





Kapitalen

Eiga var ved årsskiftet kr 470 224 893. Aksjekurs (SRBANK) nytta ved årsskiftet var kr 127,75.

Hovuddelen av kapitalen til stiftinga er aksjar i SpareBank 1 SR-Bank ASA.

Stiftinga eig 6 069 934 aksjar tilført ved skipinga til kostpris kr 330 000 000.

Marknadsverdi var ved årsskiftet kr 775 434 068.

Resultatført verdiendring i 2023 er kr 0,-.

Stiftinga kjøpte 156 649 aksjar

i SpareBank 1 SR-Bank ASA ved emisjonen i 2012.

Kostpris for desse var kr 4 229 523. Marknadsverdi ved årsskiftet var kr 20 011 910. Resultatført verdiendring er her kr 0,-.

I oktober 2023 kjøpte stiftinga nye 300 000 aksjar i SpareBank 1 SR-Bank ASA ved emisjon. Kostpris var kr 35 500 000. Marknadsverdi ved årsskiftet var i kr 38 325 000.

Stiftinga sine ålmennyttige gåvetildelingar er viktige for lokalsamfunna. Det er overskot å disponera i 2023, og likviditeten til

stiftinga er god.

Det er difor gjort framlegg om å nytta kr 14 000 000 av overskotet til gåver for tildeling hausten 2024 og våren 2025.

Gåvefondet aukast med kr 29 000 000, frå kr 58 791 970 til kr 87 791 970. Kr 3 084 156 overførast til anna eigenkapital.

Styret kan ikkje selja av dei 6 069 934 aksjane i SpareBank 1 SR-Bank ASA som vart tilført ved skipinga, utan fullmakt i generalforsamlinga og godkjenning frå Finanstilsynet.

* : Marknadsverdi pr 31.12.23

Gåve- utdelingar

Våren 2023 handsama styret 205 (176) søknader om til saman kr 37,4 (36,26) millionar i gåver. Det var første gong stiftinga fekk inn over 200 søknader i ein søknadsrunde. Det vart tildelt og reservert 84 (85) gåver, i sum kr 11,26 (11,79) millionar.

Hausten 2023 handsama styret 169 (162) søknader om til saman kr 24,9 (34,58) millionar i gåver. Til saman vart det tildelt og reservert 81 (92) gåver, i sum kr 7,6 (9,45) millionar.

I tillegg vurderte styret gåver til gode tiltak utan at det låg føre søknad. Det vart tildelt seks slike gåver på til saman kr 370 000 (2 396 000) i 2023.

Oversyn over gåver tildelte i 2023 er del av denne årsmeldinga.



Gjennom gåvetildelingar, investeringar og eigarskapet i SpareBank 1 SR-Bank ASA, skal stiftinga bidra til å fremje og stille krav til berekraftig utvikling i samfunnet. Vi har i 2023 valt FNs berekraftmål nr 3, 10 og 11 som retningsgivande for stiftinga sitt vidare arbeid.

(Tal i parentes er for året 2022)



Trioløftet

Like moglegheiter for alle

Idrettslaget Trio ønsker at barn og unge skal ha like moglegheiter til å delta på fritidsaktivitetar, uavhengig av økonomisk situasjon. Med det toårige prøveprosjektet Trioløftet prøver fotballgruppa å inkludera og integrera flest mogleg i barne- og ungdomsidretten.

– Vi ønsker ikkje at nokon skal stå utanfor. Vi vil ha alle med!

Gjennom Trioløftet kan dei som har det trøgt økonomisk søke støtte til utstyr, cupavgifter, treningsavgift med meir. Vi har mellom anna definerte utstyrspakkar som søkarar kan henta ut hos Sport1 Husnes. Målet er å få implementert dette for heile IL Trio, og gjerne bidra til at andre klubbar i Kvinnherad kan få hjelp av Trioløftet til å kome i gang med tilsvarande integrerings- og inkluderings tiltak,



Foto: Grenda

fortel Kenneth Ingvaldsen, sekretær i IL Trio Fotball.


Som eit ledd i satsinga, arrangerte Trioløftet i oktober 2023 ein aktivitetsskveld i Kvinnherad Arena med FairPlay-fokus. Der deltok 240 barn og unge i alderen 6 til 19 år.

– Vi har òg fokus på berekraft, og har etablert ein stasjon i klubbhuset for godt brukande utstyr. Der kan ein til dømes setje frå seg godt brukande fotballsko – som andre kan ta i bruk, fortel Ingvaldsen.

Stiftinga har tildelt Trioløftet ei gåve på kr 93 000.



Kvinnherad
Arena



Storstova for alle

I april 2023 opna Kvinnherad Arena dørene på Husnes, og allereie boblar den nyeorstova over av aktivitet.

– Kvinnherad Arena har over 2000 brukarar kvar einaste veke, frå barnehagebarn til fysiotrening for seniorgrupper, fortel dagleg leiar Daidalos Dahle.

Her boltrar skulane og idrettslaga

seg på dagleg basis. I tillegg har bygget i første driftsåret husa ulike sosiale aktivitetar som First Lego League, politiske møte, konsert, Vårspretten for ungdom, opne dagar med Frivilligsentralen, boklansering, og show med «Fenriken».

– I Kvinnherad Arena skal det husast og skapast mengdevis med aktivitetar for store og små.

Sportslege, helsefremjande og sosiale. Me ser alt nytta arenaen gjer, og vi gler oss over det enorme potensialet som ligg her. I framtida ønsker vi å få til endå fleire opne og sosiale hendingar, som elitekampar og messer, fortel Dahle.

Stiftinga har tildelt Kvinnherad Arena gåver på totalt kr 20 millionar.



Omvikdalen
Bygdekvinnelag

Tradisjonsmat til dei yngste

Sju gonger i året serverer fire frivillige frå Omvikdalen Bygdekvinnelag norsk tradisjonsmat til dei 55 borna i Omvikdalen barnehage. På menyen står alt frå komler til lapskaus, kjøtkaker, fiskegrateng, pannekaker og fiskebollar, og målet med prosjektet er å formidle matkunnskap, mattradisjonar og ikkje minst matglede til den yngre garde.

Når det høver, er barnehagebarna òg med på matlaginga og førebuingane til måltidet.


– Barna gler seg stort til dagane vi kjem og matlukta spreier seg i heile barnehagen. Under måltidet snakkar vi ofte om maten, kvar han kjem frå, kva som er sunn mat, det å sitje fint ved bordet, å sende til kvarandre og å takke for maten, fortel Astrid Bjørnebøle Hass i styret i bygdekvinnelaget.

På siste samlinga i barnehageåret arrangerer bygdekvinnelaget festmiddag i Dalheim. Dit blir òg første klasse på Omvikdalen skule invitert, og på menyen står det pølse og potetstappe.

– Vi sender ut invitasjonar, dekker og pyntar bord. Ungane har finkleda på, og syng for oss som takk for maten. Ei svært triveleg stund både for store og små, smiler Bjørnebøle Hass.

Stiftinga har tildelt prosjektet ei gåve på kr 18 000, som går til ingrediensar til måltida.







Styret

Husnes 2. mai 2024
Styret i SpareBank 1-stiftinga Kvinnherad



Jan Magnus Aasen

Jan Magnus Aasen
Styreleiar



Magnhild Haugland

Magnhild Haugland
Nestleiar



Gunnar Våge

Gunnar Våge
Styremedlem



Hildegunn Eiane Aarthun

**Hildegunn
Eiane Aarthun**
Styremedlem



Bente lie Nilsen


Bente Lie Nilsen
Dagleg leiar


Gåveutdeling i 2023

kr 18 885 500,-

Idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv • Kunst og kultur • Humanitære tiltak og helseformål
Samfunnsutvikling og sosiale tiltak • Kompetanseutvikling og forskning


kr 9 783 000,-	Idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv
kr 5 584 000,-	Samfunnsutvikling og sosiale tiltak
kr 2 511 500,-	Kunst og kultur
kr 842 000,-	Humanitære tiltak og helseformål
kr 165 000,-	Kompetanseutvikling og forskning






Idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv

Organisasjon	Tiltak/prosjekt	Tildelt sum
Kvinnherad Skyttarlag.....	Ny vegg på våpenrom.....	5 000
Barnas turlag Stord/Fitjar.....	Fleire overnattingsturar	10 000
Halsnøy Idrettslag.....	Nytt treningsutstyr	10 000
Rosendal Turnlag.....	Medisinballar	15 000
1. Leirvik Speidargruppe.....	Kjøp av fjelltelt.....	15 000
Valen ride og kjøreklubb.....	Utstyrsbod	16 000
HErøysund Idrettslag.....	Frisbeegolf	20 000
IL Solid	Ope Hus.....	25 000
Rosendal Turnlag friidrettsgruppa.....	Klar, ferdig, gå!.....	25 000
Stord Petanqueklubb.....	Petanque - ein sosial aktivitet for alle.....	25 000
Turstiar Toftåsen Storemyr.....	Turskilt på Storemyr	25 000
Kvinnherad Håndballklubb	Handballutstyr og nye draktsett.....	30 000
IL Trio volleyball	Volleyballklubbens utvikling	30 000
Herøysund Idrettslag.....	Klatrevegg.....	30 000
Turstiar Sunde	Merking av turstiar.....	30 000
Uskedal Ungdomslag	Vedlikehold av ungdomslagshytta Fjelly	34 000
Arbeidsgruppa Valeparken.....	Kjøp av kostemaskin, Valeparken	35 000
Rosendal Turnlag fotballgruppa.....	Minimål	35 000
Stord IL - Friidrett.....	Synleg og betre presentasjon.	40 000
IL Korlevoll - Odda.....	Tidtakarbua	45 000
Uskedal Idrettslag.....	Samlingsstad foaje, Uskedal Aktivitetshus.	50 000
Kvinnherad travlag	Treningsvogn.....	50 000
Kvinnherad Roklubb.....	Varmepumpekjøp.....	50 000
Perlo kajakkklubb.....	Kursaktivitetar	50 000
Kvinnherad Håndballklubb	Kompetanseheving og utstyr	50 000




Idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv (forts.)

Organisasjon	Tiltak/prosjekt	Tildelt sum
Stord Fotball.....	Småspel - større aktivitet	54 000
Kvinnherad Skyttarlag.....	Nye lysarmatur i gymsalen i skyttarhuset på Seim	55 000
Arbeidsgruppa Valeparken.....	Innkjøp av minimål og vant til barnefotball	65 000
Turstiar Toftåsen Storemyr.....	Torvhus på Storemyr	65 000
STORD IL - friidrett.....	Betre kvalitet i treningsarbeidet.....	70 000
IL Trio friidrett.....	Hekkar til hekkeløp.....	70 000
Odda / Ullensvang Turlag.....	Klatring, kompetanseheving og sikkerheit på tur	85 000
Rosendal Turnlag.....	Keeperprosjekt	90 000
Interesselaget Postvegen.....	Samanbinding av Postvegen gjennom Valen sentrum.....	90 000
IL TRIO Fotball.....	TRIO Løftet.....	93 000
Kvinnherad motorsport klubb.....	Veg til ny banetrase for trail og enduro	96 000
Uskedalen Idrettslag (klatregruppa).....	Oppgradering av klatreveggen.....	96 000
IL Trio friidrett.....	Stavstativ og modul til stavmatte	97 000
Rosendal Turnlag.....	Innbytterbenkar	100 000
Strand - Ulv Hallen AS.....	Buldreanlegg i sandhallen.....	100 000
Uskedalen Idrettslag.....	”Tak øve håve”	100 000
Stord Håndball.....	Utstyr til trening	100 000
Odda Idrettslag.....	Oppgradering av løypenett og turløyper på Lontjørn.....	100 000
Venelaget for Halsnøy kloster.....	Tilkomst og gangvegar i kulturløypa Skarvasteinen og Stølen	100 000
Vareld Skyttarlag.....	Oppgradering bygningar.....	100 000
Husnes Pryd, underorganisasjon til Husnes Utvikling	Julestemning	105 000
Arbeidsgruppa Valeparken.....	Nye fotballmål Valeparken.....	107 000
Stord Bordtennisklubb.....	Innkjøp av bordtennisbord, nett og barrikadar	120 000
Kvinnherad Golfklubb.....	Handicapheis utetrapp.....	140 000
Husnes Karateklubb.....	Matter til karateklubben.....	140 000



Idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv (forts.)

Organisasjon	Tiltak/prosjekt	Tildelt sum
Rosendal Turnlag.....	ATV & utstyr	151 000
Sandvoll Ordsiftelag.....	Sandvollstova - oppussing av kjøken	165 000
Omvikdalen IL	Treningsbane skiskyting.....	180 000
Uskedalen Idrettslag.....	Nettkjenning	190 000
Trio Idrettslag	Adgangskontroll Triohuset.....	198 000
Il Trio Klatring.....	Oppstart / igangsetjing av ny klatregruppe.....	200 000
Stord Idrettslag	Reint og fint rundt store utendørsarrangement i heile organisasjonen.....	200 000
Matre IL.....	Sandvolleyballbane i Matre.....	220 000
Kvinnherad Golfklubb	Solceller og klipping.....	227 000
Halsnøy Idrettslag	Ny traktor	235 000
Fjellhaugen Skisenter AS.....	LED-armatur i ljosløypa.....	240 000
Uskedalen Utvikling.....	Tilrettelegging for turisme og turgåerar i Uskedalen.....	245 000
Valedamene	Rullestolrampe - Eskelandsstranda	250 000
Rosendal Bygdelag.....	Stupetårn.....	260 000
Hatlestrand Bygdelag	Hatlestrandsløypo.....	300 000
Idrettslaget Ternen	Oppgradering av utstyr for løypekøyring	320 000
Idrettslaget Ternen	Oppgradering kjøkken.....	400 000
Uskedal Friluftslag	Vegsikring, P-plass og asfaltering.....	400 000
IL Trio.....	Oppretting av E-sport gruppe i IL Trio.....	500 000
Kvinnherad frivilligsentral Nord / BUA	Oppstart BUA nord.....	500 000
Trio Idrettslag	Fra grus til kunstgrasbane (11ar-kunsgrasbane)	650 000
Rosendal Turnlag.....	Ferdigstilling av Rosendal stadion.....	664 000




Samfunnsutvikling og sosiale tiltak

Organisasjon	Tiltak/prosjekt	Tildelt sum
Rosendal Bygdelag.....	Jule- og nyttårslys i Steinparken.....	7 000
Høylandsbygd Kvinne- og Familielag	Nye stolar.....	18 000
Åkra Bygdalag	Lyddemping av Sjøbuo Kafé.....	20 000
Rosendal Helselag	Lydanlegg Rosendalstunet	20 000
Ungdomslaget Hatlestreningen.....	Oppgradering av møblar i Samhald.....	25 000
Turstiar Sunde	Utsiktspunkt Kaldestadåsen.....	30 000
Husnes Indremisjon/Nattcafeen.....	Storskjerm i kafelokalet.....	30 000
Herøysund Bygdalag	Oppgradering av bygdas storstove	30 000
Seimsfoss Grendalag	Gapahuk i Guddal	39 000
Kvinnherad frivilligsentral	Gledesspreiarane	40 000
Rosendal Bedehus.....	Tv og lydanlegg.....	40 000
Ungdomslaget Stordabuen	Samlingsplass til Stordabuen - nye stolar	45 000
Hatlestrand gamleskuleforeining.....	Prosjektor og lystette gardiner	45 000
Herøysund Bygdalag	Modernisering av grendahuset.....	50 000
Uskedalen Utvikling.....	Utedører Gamleskulen	50 000
Høylandsbygd Kvinne- og Familielag	Oppgradering av elektrisk anlegg.....	50 000
Amcar Hardanger.....	Vedlikehold	50 000
Kvinnherad Husflidslag	Fornyng av arbeidsstolar og arbeidslys	50 000
Høylandsbygd Bygdalag	Gapahuk fase 2. kledning/vindu/dør/benker.....	55 000
Herøysund Bygdalag	Lyd og lys i grendahuset.....	60 000
Ølve Bygdalag - undergruppa "Trivselsnemda".....	Kursmidlar til fritidsklubben i Ølve	60 000
Uskedalen Utvikling.....	Moro for dei minste.....	61 000
Seimsfoss Grendalag	Toalettbygg	75 000
Valen kyrkjelydslag / Ope Hus / TiTo / Hobbyklubben	Omattstopping av møblane i Kyrkjestova i Valen Kyrkje	80 000
Husnes Utvikling	Oppgradering kring lysthuset i Husnesparken.....	81 000




Samfunnsutvikling og sosiale tiltak (forts.)

Organisasjon	Tiltak/prosjekt	Tildelt sum
Seniorgruppa ved Kvi	Oppgradering og ny sti til Kaldaneset	93 000
Utåker Bygdalag	Nye møbler til Bestastova	95 000
Valedamene	Oppgradering bygdahuset	95 000
Varaldsøy bedehus / misjonsforeining	Bedehusmåling	138 000
Fatland grendalag samhald	Nytt kjøken til Grendahuset	150 000
Ungdomslaget Hatlestrening	Varme i Samhald	160 000
Omvikdalen Ungdomslag	Nytt kjøkken i Dalheim	170 000
Uskedal Utvikling	Oppgradering / fornying Gamleskulen	200 000
Odda Røde Kors (Hjelpekorps)	Opprusting av Røde Kors Huset i Odda	200 000
Åkra Bygdalag	Oppussing av servicebygg	200 000
Halsnøy kulturhus velforeining	Nye takter frå ein gamal brislingfabrikk	220 000
Rosendal Helselag	Parken langs elva i Rosendal	300 000
Herøysund Bygdalag	Videokanon og lydanlegg	430 000
Ølve ungdomslag	Skifting av kledning og vindauge i Ølve ungdomshus	450 000
Omvikdalen Ungdomslag	Ny kjøkkeninnredning Dalheim	472 000
Uskedal Ungdomslag	Vedlikehold/renovering av Helgheim	500 000
Rosendal Samfunnshus SA	Ventilasjon på Rosendal Samfunnshus	600 000




Kunst og kultur

Organisasjon	Tiltak/prosjekt	Tildelt sum
Husnes Musikklag	Julekonsert Husnes	13 000
Sandvoll Ordsiftelag.....	Hobbykjellar.....	20 000
Sandvoll Historielag	Installasjon av video- og lydutstyr i Gamleskulen	20 000
Sagvåg skulekorps	"17. mai er vi så glad jeg"	20 000
Kvinnherad Kystlag.....	Lys i båtbyggerhall	22 000
Uskedal Musikklag	Transportabelt, oppladbart høgtalaranlegg	28 000
Langeland skulekorps.....	Meistringsprosjekt	31 500
Venelaget for Halsnøy kloster.....	Vedlikehald i kulturløypa Skarvastinen - Stølen	35 000
Lions klubb Halsnøy	Bokprosjekt om fiske-og fraktefartøy, nytta til gamle Fjelbrg kommune i Hordaland.....	40 000
Stord Musikklag	Gode øvingsforhold.....	45 000
Sagvåg Musikklag	Insprasjonsprosjekt for musikantar	50 000
Interesselaget Vangssago	Høvelmaskin.....	50 000
Hardanger spillfestival.....	Pynt og profilering av Hardanger spillfestival.....	60 000
Sunde Kyst- og Litteratursenter	Stolar til stovene i Bergslagen.....	60 000
Songlaget Stordabuen.....	Rock gjennom tidene!.....	60 000
Oddakonsertene.....	Lokalhistorie i ord og tonar	75 000
Veteranbusslaget HSD Bilane	Ta vare på veteranbussane for framtida.....	75 000
Husnes Blandakor/ Røysterett for alle.....	Utvida julekonsert i Kvinnherad- og Valen kyrkje	75 000
Sunde Kyst-og Litteratursenter.....	Lyd og bilete i Bergslagen	84 000
Kvinnherad sogelag.....	Bildebevaring og arkivering av bilder.....	88 000
Sunde Kyst- og Litteratursenter	Bord til stovene i Bergslagen.....	90 000
Leirvik Mannskor.....	Manngard	90 000
Omvik stampe- og kvednalag	Omvik stampe- og kvednalag	90 000
Oddakonsertene.....	Samson.....	90 000
Husnes Musikklag	Klarinetter og korpsrekvisita	95 000



Kunst og kultur (forts.)


Organisasjon	Tiltak/prosjekt	Tildelt sum
Fjelberg Bygdalag	Vaktbua	100 000
Rosendal Musikklag	Fornyng av instrument.....	120 000
Perlene	Perlene	150 000
Ænes og Mauranger bygdalag	Årshjulet på Ekenes - eit formidlingsprosjekt.....	160 000
Rosendal Musikklag	Innkjøp av scenemodular	175 000
Interesselaget Vardhaugselet.....	Oppattbygging av Olderbotn	400 000




Humanitære tiltak og helseformål

Organisasjon	Tiltak/prosjekt	Tildelt sum
Rosendal Helselag.....	Betre lyd for alle	10 000
Stord Bygdekvinnelag	1. Adventsfest for eldre 2. Matlagingskurs ilag med lokalt busette kvinner frå Noreg og andre land.....	10 000
Kvinnherad Røde Kors.....	Røde kors for alle.....	12 000
Kvinnherad Røde Kors.....	Tilgang for alle i lagshuset.....	13 000
Omvikdalen Bygdekvinnelag.....	Matkunnskap i barnehagen	18 000
Ølve Alderspensjonat.....	Trivselsgåve	25 000
Halsnøytunet	Trivselsgåve	25 000
Husnestunet.....	Trivselsgåve	25 000
Rosendalstunet	Trivselsgåve	25 000
Sunnhordland Parkinsonforening	Treningsutstyr for medlemmer i Kvinnherad.....	25 000
Velferdslaget, Kvinnherad Ambulanse	Less bårer	45 000
Kvinnherad Røde Kors Hjelpekorps	Redningsbåre.....	50 000
Odda Røde Kors	Utsifting av bordkledning utvendig	50 000
Rosendal helselag.....	Kreftomsorg i Kvinnherad.....	50 000
Kvinnherad Røde Kors Omsorg.....	Sosialt hygge og samvær for eldre og einslege i kommunen.....	50 000
Avdeling Familiestøtte.....	Industrivaskemaskin og gamingsofa til ungdomsbase sør	60 000
Rosendal Helselag.....	Kropp i fokus.....	99 000
Kvinnherad frivilligsentral	Matkorger til jul.....	250 000

Kompetanseutvikling og forskning




Organisasjon	Tiltak/prosjekt	Tildelt sum
Newton Kvinnherad	First Lego League 2024	60 000
Stord Kommune - Newton.....	Newton.....	105 000



Gåver utdelt totalt sidan 2011:

kr 167 040 137,-



Tilsette

Stiftinga har dagleg leiar tilsett i 60 % stilling.

Stillingsprosenten auka frå 50 % til 60% 1. mai 2023.


Administrative tilhøve

Styret i stiftinga har vedteke at kontorstaden skal vera Husnes, og har inngått leigekontrakt med Kest Eiendom AS om leige av kontor i Stabburshaugen 5, 5460 Husnes.

ITeam AS er engasjert som leverandør av IT-tenester, både utvikling og drift. Tveit Regnskap AS er engasjert som lønskontor og rekneskapsførar.

Deloitte AS er engasjert som revisor.

Stiftinga nyttar Selmer DA som juridisk rådgjevar.



Indre og ytre miljø

Det har ikkje vore sjukefråvær, og det har ikkje vore noko å utsetja på arbeidsmiljøet.

Aktivitetane til stiftinga har ikkje ureina ytre miljø, og representerte heller ikkje risiko for slik ureining.

Utbyte

SpareBank 1 SR-Bank ASA har utbetalt kr 7 pr aksje, totalt kr 43 586 081 i utbyte for 2023.

Nesten alle aksjane våre i SpareBank 1 SR-Bank ASA er del av grunnkapitalen og kan etter lovverk og vedtekter ikkje seljast utan vedtektsendring i generalforsamlinga og deretter særskilt løyve frå Finanstilsynet. Stiftinga si hovudinntektskjelde er og skal vera utbyte frå desse aksjane.

At SpareBank 1 SR-Bank ASA held fram med god drift og ter seg slik at kundane vil nytta banken, vil vera avgjerande for økonomien og aktivitetane til stiftinga frametter.



Årsrekneskap 2023

Resultatrekneskap

Notar	Driftsinntekter og driftskostnader	2023	2022
1	Lønskostnad	1 432 029	1 240 027
	Avskrivning på varige driftsmidler	0	6 406
1	Annan driftskostnad	909 285	908 599
	Sum driftskostnader	2 341 314	2 155 032
	Driftsresultat	-2 341 314	-2 155 032
	Finansinntekter og finanskostnader		
	Anna renteinntekt	4 497 189	2 698 384
3	Anna finansinntekt	43 928 281	37 359 498
	Annan rentekostnad	0	14
	Resultat av finanspostar	48 425 470	40 057 868
2	Resultat i året	46 084 156	37 902 836
	Overføringer		
	Avsett til annan egenkapital	3 084 156	2 902 836
	Avsetjing til gåvefond	29 000 000	17 000 000
	Avsetjing til gaver	14 000 000	18 000 000
2	Sum overføringer	46 084 156	37 902 836

Balanse pr. 31. desember

Notar	Eiga	2023	2022
3	Anleggsmidler		
	Finansielle anleggsmidler		
	Investeringar i aksjar	365 220 000	330 000 000
	Sum finansielle anleggsmidler	365 220 000	330 000 000
	Sum anleggsmidler	365 220 000	330 000 000
3	Omløpsmiddel		
	Krav		
	Investeringar		
	Marknadsbaserte aksjar	82 000 000	0
	Andre finansielle instrument	4 229 523	4 229 523
	Sum investeringar	86 229 523	4 229 523
4	Bankinnskot, kontantar og liknande	18 775 370	120 302 725
	Sum omløpsmiddel	105 004 893	124 532 248
	Sum eiga	470 224 893	454 532 248

Balanse pr. 31. desember

Notar	Eigenkapital og gjeld	2023	2022
	Eigenkapital		
	Innskoten eigenkapital		
2	Grunnkapital	151 748 350	151 748 350
2	Annan innskoten eigenkapital	10 000 000	10 000 000
	Sum innskoten eigenkapital	161 748 350	161 748 350
	Opptent eigenkapital		
2	Gåvefond	87 791 970	58 791 970
2	Annan eigenkapital	174 637 537	171 553 381
	Sum opptent eigenkapital	262 429 507	230 345 351
	Sum eigenkapital	424 177 857	392 093 701
	Gjeld		
	Kortsiktig gjeld		
	Leverandørgjeld	62 927	76 430
	Skuldige offentlege avgifter	193 188	189 566
5	Avsett til gåveutdeling	45 717 399	62 107 699
	Annan kortsiktig gjeld	73 522	64 852
	Sum kortsiktig gjeld	46 047 036	62 438 547
	Sum gjeld	46 047 036	62 438 547
	Sum eigenkapital og gjeld	470 224 893	454 532 248



Fra v.: Gunnar Våge (styremedlem), Torill Lyngnes (fastmøtande vara), Bente Lie Nilsen (dagleg leiar), Hildegunn Eiane Aarthun (styremedlem), Jan Magnus Aasen (styreleiar) og Magnhild Haugland ((nestleiar)

Husnes 2. mai 2024

Jan Magnus Aasen

Jan Magnus Aasen
Styreleiar

Magnhild Haugland

Magnhild Haugland
Nestleiar

Gunnar Våge

Gunnar Våge
Styremedlem

Hildegunn Eiane Aarthun

Hildegunn Eiane Aarthun
Styremedlem

Bente Lie Nilsen

Bente Lie Nilsen
Dagleg leiar



Notar til rekneskapen

Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova av 1998 og NRS 8 - God rekneskapsskikk for små foretak. Rekneskapsprinsippa følger under.

Hovudregel for vurdering og klassifisering av eiga og gjeld

Eiga bestemt til varig eige eller bruk er klassifisert som anleggsmiddel. Anna eiga er klassifisert som omløpsmiddel. Krav som skal attendebetalast innan eitt år er klassifisert som omløpsmiddel. Ved klassifisering av kortsiktig og langsiktig gjeld er tilsvarande reglar lagt til grunn.

Anleggsmiddel vert vurdert til kostpris, korrigert for nedskrivingar og avskrivingar. Nedskriving vert gjort når forskjellen mellom verkeleg verdi og bokført verdi er vesentleg, og verdifallet ikkje er venta å vere av forbigåande art. Anleggsmiddel med avgrensa økonomisk levetid blir avskrivne planmessig. Finansielle anleggsmiddel vert vurdert til det lågaste av marknadsverdi og kostpris.

Omløpsmiddel vert vurdert til lågaste av kostpris og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld vert balanseført til nominelt motteke beløp på etableringstidspunktet. Kortsiktig gjeld vert ikkje skrivne opp til verkeleg verdi som følgje av renteendring.

Gåvefond er klassifisert som eigenkapital. Det er generalforsamlinga som gjev styret fullmakt til utdeling av gåvefondet. Midler som styret har fått fullmakt av generalforsamlinga til å gje som gaver er klassifisert som kortsiktig gjeld.

Stiftinga utøver ikkje skattepliktig verksemd.

Notar til rekneskapen

Note 1 Lønskostnader og ytingar, godtgjeringar til dagleg leiar, styret og revisor

Lønskostnader	2023	2022
Løn	612 659	519 064
Folketrygd	135 637	110 117
Andre honorarer	637 100	553 550
Pensjonskostnader	21 950	26 034
Andre ytingar	24 683	31 262
Sum	1 432 029	1 240 027

Antal årsverk sysselsett i rekneskapsåret	0,5	0,5
---	-----	-----

Ytingar til leiande personar	Dagleg leiar	Styret/GF
Løn	602 020	637 100
Pensjonskostnader	21 950	0
Anna godtgjering	1 947	0
Sum	625 917	637 100

Kostnader til revisor		
Lovpålagt revisjon	50 000	45 000
Attestasjoner	0	0
Bistand årsrekneskap	20 000	12 500
Andre tjenester	17 100	12 500
Sum	87 100	70 000

Alle tal er oppgjevne inklusiv mva.

Notar til rekneskapen

Note 2 Eigenkapital

	Grunnkapital	Gåvefond	Annan innskoten eigenkapital	Annan eigenkapital	Sum eigenkapital
Per. 31.12.2022	151 748 350	58 791 970	10 000 000	171 553 381	392 093 701
Endringar førte mot EK				0	0
Per 01.01.2023	151 748 350	58 791 970	10 000 000	171 553 381	392 093 701
Årets resultat		29 000 000		17 084 156	46 084 156
Avsett til gåver		0		-14 000 000	-14 000 000
Per 31.12.2023	151 748 350	87 791 970	10 000 000	174 637 537	424 177 857

Note 3 Aksjar i Sparebank 1 SR-Bank

	Antal	Eigardel	Kostpris	Marknadsverdi	Årets verdiendring
Anleggsmiddel					
Sparebank 1 SR-Bank	6 369 934	2,44 %	365 220 000	813 759 069	28 235 818
Sum	6 369 934	2,44 %	365 220 000	813 759 069	28 235 818
Fond Holberg			82 000 000	85 698 234	3 698 234
Sparebank 1 SR-Bank	156 649	0,06 %	4 229 523	20 011 910	1 135 705
Sum	156 649	0,06 %	86 229 523	105 710 144	4 833 939

Stiftinga har motteke kr 43 586 081 i utbytte fra Sparebank 1 SR-bank.

Notar til rekneskapen

Note 4 Bankinnskot

Midlar på skattetrekkskonto (bundne midlar) er kr 139 967. Beløpet dekkjer skattetrekk pr. 31.12.

Note 5 Gåveutdelingar

	2023	2022
Tildelte, ikkje utbetalte gåver 1.1.	38 928 950	35 130 197
Årets tildelte gåver	18 749 889	21 241 500
Utbetalte gåver	-30 355 300	-17 442 747
Tildelte, ikkje utbetalte gåver 31.12.	27 323 539	38 928 950
Tidlegare avsett gåveutdeling, ikkje tildelt 31.12.	4 393 860	5 178 749
Årets avsette midlar til gåver	14 000 000	18 000 000
Totalt gåver til utdeling 31.12.	45 717 399	62 107 699

Av vedtekne og tildelte gåver i 2023 er det kr 27 323 539 som framleis ikkje er utbetalt. Stiftinga har sett av kr 14 000 000 til framtidig utdeling av gåver det neste året.



Deloitte AS
Lars Hilles gate 30
Postboks 6013, Postterminalen
NO-5008 Bergen
Norway

Tel: +47 55 21 81 00
www.deloitte.no

Til styret i Sparebank 1-Stiftinga Kvinnherad

UAVHENGIG REVISORS BERETNING

Uttalelse om årsregnskapet

Konklusjon

Vi har revidert årsregnskapet for Sparebank 1-Stiftinga Kvinnherad som består av balanse per 31. desember 2023, resultatregnskap for regnskapsåret avsluttet per denne datoen og noter til årsregnskapet, herunder et sammendrag av viktige regnskapsprinsipper.

Etter vår mening

- oppfyller årsregnskapet gjeldende lovkrav, og
- gir årsregnskapet et rettviseende bilde av stiftelsens finansielle stilling per 31. desember 2023, og av dens resultater for regnskapsåret avsluttet per denne datoen i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med International Standards on Auditing (ISA-ene). Våre oppgaver og plikter i henhold til disse standardene er beskrevet nedenfor under *Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet*. Vi er uavhengige av stiftelsen i samsvar med kravene i relevante lover og forskrifter i Norge og International Code of Ethics for Professional Accountants (inkludert internasjonale uavhengighetsstandarder) utstedt av International Ethics Standards Board for Accountants (IESBA-reglene), og vi har overholdt våre øvrige etiske forpliktelser i samsvar med disse kravene. Innhentet revisjonsbevis er etter vår vurdering tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Ledelsens ansvar for årsregnskapet

Styret og daglig leder (ledelsen) er ansvarlige for å utarbeide årsregnskapet og for at det gir et rettviseende bilde i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge. Ledelsen er også ansvarlig for slik intern kontroll den finner nødvendig for å kunne utarbeide et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil.

Ved utarbeidelsen av årsregnskapet må ledelsen ta standpunkt til stiftelsens evne til fortsatt drift og opplyse om forhold av betydning for fortsatt drift. Forutsetningen om fortsatt drift skal legges til grunn for årsregnskapet så lenge det ikke er sannsynlig at virksomheten vil bli avviklet.

Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet

Vårt mål er å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet som helhet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil, og å avgi en revisjonsberetning som inneholder vår konklusjon. Betryggende sikkerhet er en høy grad av sikkerhet, men ingen garanti for at en revisjon utført i samsvar med ISA-ene, alltid vil avdekke vesentlig feilinformasjon. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misligheter eller utilsiktede feil. Feilinformasjon er å anse som vesentlig dersom den enkeltvis eller samlet med rimelighet kan forventes å påvirke de økonomiske beslutningene som brukerne foretar på grunnlag av årsregnskapet.

Som del av en revisjon i samsvar med ISA-ene, utøver vi profesjonelt skjønn og utviser profesjonell skepsis gjennom hele revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og vurderer vi risikoen for vesentlig feilinformasjon i årsregnskapet, enten det skyldes misligheter eller utilsiktede feil. Vi utformer og gjennomfører revisjonshandlinger for å håndtere slike

Deloitte AS and Deloitte Advokatfirma AS are the Norwegian affiliates of Deloitte NSE LLP, a member firm of Deloitte Touche Tohmatsu Limited, a UK private company limited by guarantee ("DTTL"). DTTL and each of its member firms are legally separate and independent entities. DTTL and Deloitte NSE LLP do not provide services to clients. Please see www.deloitte.com/about to learn more about our global network of member firms.

Registrert i Foretaksregisteret
Medlemmer av Den norske Revisorforening
Organisasjonsnummer: 980 211 282

Deloitte Norway conducts business through two legally separate and independent limited liability companies: Deloitte AS, providing audit, consulting, financial advisory and risk management services, and Deloitte Advokatfirma AS, providing tax and legal services.



Uavhengig revisors beretning 2023
Sparebank 1-Stiftinga Kvinnherad

risikoer, og innhenter revisjonsbevis som er tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon. Risikoen for at vesentlig feilinformasjon som følge av misligheter ikke blir avdekket, er høyere enn for feilinformasjon som skyldes utilsiktede feil, siden misligheter kan innebære samarbeid, forfalskning, bevisste utelatelser, uriktige fremstillinger eller overstyring av internkontroll.

- opparbeider vi oss en forståelse av intern kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlinger som er hensiktsmessige etter omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for en mening om effektiviteten av stiftelsens interne kontroll.
- evaluerer vi om de anvendte regnskapsprinsippene er hensiktsmessige og om regnskapsestimatene og tilhørende noteopplysninger utarbeidet av ledelsen er rimelige.
- konkluderer vi på om ledelsens bruk av fortsatt drift-forutsetningen er hensiktsmessig, og, basert på innhentede revisjonsbevis, hvorvidt det foreligger vesentlig usikkerhet knyttet til hendelser eller forhold som kan skape tvil av betydning om stiftelsens evne til fortsatt drift. Dersom vi konkluderer med at det eksisterer vesentlig usikkerhet, kreves det at vi i revisjonsberetningen henleder oppmerksomheten på tilleggsopplysningene i årsregnskapet, eller, dersom slike tilleggsopplysninger ikke er tilstrekkelige, at vi modifiserer vår konklusjon. Våre konklusjoner er basert på revisjonsbevis innhentet frem til datoen for revisjonsberetningen. Etterfølgende hendelser eller forhold kan imidlertid medføre at stiftelsen ikke kan fortsette driften.
- evaluerer vi den samlede presentasjonen, strukturen og innholdet i årsregnskapet, inkludert tilleggsopplysningene, og hvorvidt årsregnskapet gir uttrykk for de underliggende transaksjonene og hendelsene på en måte som gir et rettviseende bilde.

Vi kommuniserer med styret blant annet om det planlagte innholdet i og tidspunkt for revisjonsarbeidet og eventuelle vesentlige funn i revisjonen, herunder vesentlige svakheter i intern kontroll som vi avdekker gjennom revisjonen.

Uttalelse om andre lovmessige krav

Konklusjon om utdeling og forvaltning

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendige i henhold til internasjonal standard for attestasjonsoppdrag ISAE 3000, *Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon*, mener vi at stiftelsen er forvaltet og utdelinger er foretatt i samsvar med lov, stiftelsens formål og vedtektene for øvrig.

Bergen, 8. mai 2024
Deloitte AS

Jon-Osvald Harila
statsautorisert revisor
(elektronisk signert)

Kontaktinfo:

E-post: post@sb1sk.no
bente@sb1sk.no

Telefon: 53 47 70 40
924 44 714

Adresse: Stabburshaugen 5
5460 Husnes

Orgnr. : 996 124 789